

## Progresjonplan i Rørstadmarka barnehage – eit arbeidsdokument for personalet



## Progresjon i barnehagen - alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang

	1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Leik	Funksjonsleik, gjentaking er det vesentlege. Leik med eigen kropp og gjenstandar. «borte-titt-tei»-leik (barnets første møte med risikofylt leik...), leik aleine, tilskodarleik og parallelleik.	Symbolleik og fantasileik. Enkel rolleleik, både som leik aleine og i sosial leik. Enkel konstruksjonsleik. Leik aleine, tilskodarleik og parallelleik.	Rolleleik og symbolleik, både som leik aleine og i sosial leik. Konstruksjonsleik. Enkel regelleik og songleik. Spel og puslespel. Leik aleine, tilskodarleik, parallelleik og samarbeidsleik. Språkleik.	Rolleleik, songleik og regelleik. Spel og puslespel. Konstruksjonsleik og samarbeidsleik. Leik aleine og parallelleik. Språkleik. Gåter og vitsar. Risikofylt leik.
	1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Kommunikasjon	Aktiv bruk av språk – verbalt og nonverbalt. Gjensidig samhandling. Den vaksne er bevisst på å sette ord på det ein gjer, til dømes i garderobe eller på tur.	Aktivt bruke ord og beskrive handling. Øve på «nøkkelseiningar» som «vil du leike med meg?» Lytte til lydar.	Lytte til og kjenne igjen lydar. Lytte til kvarandre. Vente på tur. Kvar sin gong å vere først/sist, kvar sin gong å tape/vinne. Fortelje noko for ei lita gruppe, ta ordet. Øve på konfliktløsning ved bruk av ord og samtale.	Uttrykke seg munnleg i gruppe og ein til ein. Presentere noko for dei andre i barnegruppa, t.d. leiker, ein song, ein dans... Oppmuntre til å fortelje om opplevingar og erfaringar, og sette ord på ulike følelsar og meiningar. Vente på tur, lytte og vere stille når andre har ordet. Fortelje ei samanhengande historie eller oppleving. Beskrive korleis noko er (lukt, utsjånad, smak). Kan sortere og kategorisere, over- og underkategoriar (mat, dyr klede).
Språk	Helse om morgonen med ord eller gester. Sei «ha det» når ein skal heim, ord eller gester. Rim, regler og songar. Enkel dramatisering. Biletbøker og peikebøker er lett tilgjengeleg for barna på avdelinga.	Helse og takke for dagen. Rim, regler og songar. Vise interesse for å leike med språket og lage enkle rim. Høgtlesing frå bøker og forteljing av eventyr. Dramatisering og bruk av t.d. flanellograf. Bruke bilete, fortelje kva ein ser, opplevingar knytt til biletet.	Helse og takke for dagen. Bruke preposisjonar, adjektiv, overbegrep og fargenamn. Språkleikar – lytteaktivitetar, «kims leik», bruk av taktil sans og «lydleikar» med rim Rim og regler, leike med språket aktivt sjølv, lage rim på namn og kjente ord.	Helse og takke for dagen, seie god helg og svare på tiltale. Bruk av språkleikar og «Språksprell». Leik med bokstavar, lydar og tal. Kan rime på eigen hand. Lage gåter og vitsar. Få med seg og utføre felles beskjed.
Tekst	Opplive glede over høgtlesing, rytme, song og musikk. Både ein-til ein og i lita gruppe.	Kunne vere konsentrert og merksam i ei kortare periode, til dømes ved lesing av Ludde-bok eller gjennom enkelt spel. 2-3 ords ytringar med forståeleg artikkulasjon. Kjenne igjen sitt eige namn på hylle og skuffe. Klappe stavingar i namnet sitt. Førstehandserfaring med tal og bokstavar.	Høgtlesing frå biletbøker og eventyr. Kunne sitte i ro ei periode når det blir forventat, til dømes når ein les eventyr. Bruke setningar på inntil fire ord i rett rekkefølge.	Gi barna kjennskap til alfabetet og skrive tekst. Barna kjenner igjen og kan skrive namnet sitt, evt «spore» oppå. Leikeskrive. Lytte til høgtlesing frå «fortsettelsesbok». Songar med fleire vers. Samarbeide med vaksne om skrivning av beskjedar, hugselappar og liknande. Bruk av IKT – finne informasjon, enkel navigering, skrive namnet sitt på tastatur.

I løpet av dei første åra til barna har vi forventning om ein progresjon i barnet si utvikling som vi i grove trekk kan aldersindele. Barnets verdi og dei vaksne sine haldningar er ein stabil faktor som ligg til grunn for alt arbeid i barnehagen.